

FDV DOKUMENT FOR EMMA SMAL

MODELLNAVN	EMMA SMAL
LEVERANDØR	LINN BAD AS
TELEFON / EPOST	57 69 80 00 / post@linnbad.no
NETTSIDE	www.linnbad.no

BRUK / INSTALLASJON	EMMA SMAL baderoms møblar er berekna til innandørs bruk. Bruk alltid godkjent fagmann for montering av EMMA SMAL
TEKNISKE DATA	Breidde: 60 cm – 80 cm Høgde: 58,5 Dybde: 36,5 Høgskap B=30 el 60 / H=87,8 / D= 35 Fargekodar: Kvit matt: S-0502 G50Y Kvit høgglans: RAL 9003 Isbre: NCS: S 3010 – B70G. Svart : S 8500 – N Eik er eikelaminat og har ingen fargekode
BESTANDDELER	EMMA Isbre skrog og frontar består av 19 mm MDF som er lakkert med vannbestandig lakk for å hindre at vatn trenger inn. EMMA kvit høgglans og kvit matt frontar er lakkert 19 mm MDF. Skrog er 16 mm MDF heilfoliert PVC folie produsert etter EN 622-5 MDF = Medium Density Fiberboards. Produsert etter EN 622 – 5 Baksida av skrog består av Melamin – eit belegg av papir impregnert med melamin for å hindre vanninntrenging, og skape ei hard, glatt overflate. Lim brukt i prosessen er vannbasert og uskadeleg for miljøet i henhold til EN 622-1. EMMA Svart / eik og svart er MDF belagt med eikefinér. Svart matt er belagt med Fenix laminat, eit svært slitesterkt materiale med lav refleksjonsgrad. Fenix er lukka i overflata, og har antibakterielle eigenskapar. EMMA Eik nyttar ein UV-absorberande lakk for å forsinke modning av treet. EMMA Eik vil med det bevare sitt ferske eikeuttrykk mykje lenger. Over årene vil EMMA, som med alt tre, modne og endre farge. Kor raskt dette skjer er avhengig av lysforholda på badet. Blir møbelet utsatt for sollys, vil modningen skje raskare og i tilfeller bleike treet. På bad med kunstig belysning vil møbelet langsamt over årene få ein varm, mørkare farge EMMA SMAL servantskap og høgskap 60 med 3 skuffer har integrerte skuffeskiner. Skuffene er med fullt uttrekk og demping som sikrar at skuffa lukkes mjukt og lydlaust. Integrerte skuffeskiner er sjølvsmørjande, og treng ikkje å etteroljast. Våre skuffer med fulluttrekk har sider i 5 mm herda glass. EMMA SMAL høgskap i 30 cm breidde med dør har integrert demping i hengslene. Innvendige hyller i spon.

VEDLIKEHALD	Me anbefaler reingjering med vaskemiddel for hushaldningsbruk. Vatn og såperestar tørkast av umiddelbart. Emma Eik / Svart m Eik: Overflata reingjerast med ein rein, tørr klut. Flekkar som ikkje let seg fjerne på denne måten, kan reingjerast med ein godt oppvridd klut m såpe. Tørk av med rein tørr klut. Bruk aldri middel med slipande effekt, slik som stålull, nylonsvamp og liknande. Unngå: Reingjeringsmiddel med skureeffekt, eller innehaldande løysemiddel. Eksempel: Syrer, kloring og ammoniakk må ikkje brukast Våre skrog og frontar er vannbestandige, og produsert for å forhindre vatninntrenging. Dette betyr <i>ikkje</i> at møbelet er vanntett. Møblane toler ikkje å stå i vatn – ver varsam og tørk av, så det ikkje blir liggande vatn på møbelet over lengre tid.
AVFALLS-HANDTERING	Produktet leverast på godkjent mottak for resirkulering
ANNA	Følg produktets brukarmanual med komplett veiledning for installasjon.

Takk for at du valde eit produkt frå Linn Bad AS!